



Sak: 26/8756
JournalpostID: 26/39913
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 31.08.2026

Saksframlegg

--	--	--

Drøftingssak- høyring: interkommunalt samarbeid

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i kommunelova sine reglar om interkommunalt samarbeid. Høyringsfristen er 1. oktober 2026.

Interkommunalt samarbeid er ein viktig del av kommunane si oppgåveløysing. Kommunane samarbeider både om lovpålagde og frivillige oppgåver, og samarbeida er organiserte gjennom ulike modellar etter kommunelova og anna lovverk.

Departementet peikar på at dagens system gir kommunane stor fleksibilitet, men at mange kommunar samtidig inngår i eit omfattande og samansett landskap av interkommunale samarbeid. Fleire parallelle samarbeidsformer kan gjere det krevjande å sikre god oversikt, samordning og styring. Målet med dei foreslåtte endringane er mellom anna å få færre og tydelegare samarbeidsformer og leggje betre til rette for heilskaplege og langsiktige samarbeid.

Meir om høyringa kan du lese her: [Høyringsdokument](#)

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Region Fjordane tek orienteringa til vitande. Innspel frå drøftinga blir tekne med i det vidare arbeidet med høyringssaka.

Saksopplysningar:

Eit sentralt forslag er å vidareutvikle ordninga med kommunale oppgåvefellesskap. Departementet foreslår at oppgåvefellesskap som er organiserte som eigne rettssubjekt, på nærare vilkår skal kunne få delegert myndigheit til å fatte enkeltvedtak. Dette kan gjere det mogleg å samle fleire oppgåver i same samarbeid og gi kommunane større fleksibilitet i organiseringa av felles tenester.

Samtidig blir det foreslått strengare krav til styring, kontroll og administrativ leiing for oppgåvefellesskap som får delegert myndigheit. Kommunane vil framleis ha ansvar for at delegert myndigheit blir utøvd i samsvar med lov og regelverk.

Departementet foreslår også å avvike ordninga med vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd. Samtidig blir det foreslått å utvide det administrative vertskommunesamarbeidet slik at kommunar og fylkeskommunar kan vere vertskommune for kvarandre for oppgåver dei har felles.

For interkommunale politiske råd (IPR) inneheld høyringa forslag som skal tydeleggjere roller og ansvar mellom politisk og administrativ leiing. Dette aktualiserer også spørsmål om grensegangen mellom IPR-et som politisk og strategisk samarbeidsarena og andre interkommunale samarbeidsformer som har ansvar for meir operative oppgåver eller myndigheitsutøving.

Relevans for Region Fjordane

Region Fjordane er organisert som eit interkommunalt politisk råd. Lovforslaget er difor relevant både for organiseringa av Region Fjordane og meir prinsipielt for korleis kommunane kan organisere interkommunalt samarbeid framover.

Eit sentralt spørsmål er kva handlingsrom interkommunale politiske råd skal ha til å initiere, organisere og følgje opp felles prosjekt og regionalt utviklingsarbeid. I denne samanhengen er det relevant å sjå nærare på grensegangen mellom politisk og strategisk samarbeid, prosjekt- og utviklingsarbeid og oppgåver som inneber kommunal tenesteproduksjon eller utøving av offentleg myndigheit.

Høyringa reiser også spørsmål om balansen mellom fleksibilitet, styring og kontroll. Tydelege krav til ansvar, styring og internkontroll er viktige når kommunar legg oppgåver til interkommunale samarbeid. Samstundes er det viktig at regelverket gir kommunane tilstrekkeleg handlingsrom til å etablere samarbeidsløysingar som er tilpassa lokale og regionale behov, utan at dette fører til unødvendig administrasjon og auka kostnader.

Eit anna relevant spørsmål er om endringane vil bidra til den forenklinga og heilskaplege organiseringa som er eit mål med lovarbeidet. Dersom ulike delar av det interkommunale samarbeidet må organiserast gjennom fleire separate samarbeidsformer, kan dette gi behov for meir koordinering og skape nye grenseflater mellom politisk samarbeid, prosjekt- og utviklingsarbeid og operativ oppgåveløysing.

For Region Fjordane vil det difor vere relevant å vurdere om dei foreslåtte endringane gir eit tydeleg og samtidig fleksibelt rammeverk for vidare utvikling av det interkommunale samarbeidet.

Vidare prosess

Kommunedirektøren i Stad kommune vil i møtet orientere om dei foreslåtte lovendringane og kva konsekvensar desse kan få for organisering og utvikling av interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av orienteringa blir rådet invitert til å drøfte kva overordna synspunkt Region Fjordane bør leggje til grunn i eit eventuelt høyringssvar.

